

Fotlandsvåg Grendaråd

Dato	16.11.2023
Vår referanse	2022/81532-14
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Caroline Nordøy Håvik
E-post	Caroline.Nordoy.Havik@vlfk.no
Telefon	

Svar - Ope brev til Vestland fylkeskommune - regulering av næringsområde i Fotlandsvåg - Osterøy kommune - PlanID 46302013004

Viser til brevet «Ope brev til Vestland fylkeskommune» datert 06.10.2023

Saka gjeld

Lonevåg Beslagfabrikk AS starta våren 2012 arbeidet med reguleringsplan *Holmane næring - Fotlandsvåg detaljregulering*, Plan-ID 46302013004 i Fotlandsvåg på Osterøy. Planen vart vedteken 22.02.2023. Hovudformålet med planarbeidet var mellom anna å utvide eksisterande næringsområde og leggje til rette for langsiktig områdeutvikling.

Saka har lang historikk. Statens vegvesen, som tidlegare forvalta fylkesvegane, fremma i si tid motsegn til rekkefølgekrav. I 2020 overtok Vestland fylkeskommune eigarforholdet og forvaltningsansvaret for fylkesvegane. Det har sidan den tid vore lang dialog mellom Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Osterøy kommune og plankonsulent kring rekkefølgekrav i planen.

Følgjande rekkefølgekrav vart sett:

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bygningar innan felt BN1, BN2, BN3 og BN4, skal offentleg veg o_SKV01 vere godkjent ferdigstilt, jf. § 3.7.». Sjå planens føresegner for punkt § 3.7.

Fotlandsvåg Grendaråd meiner at kravet er urimeleg og ikkje realiserbar for utbyggjarane. Fotlandsvåg Grendaråd er einig i at det må takast omsyn til mjuke trafikantar langs fylkesvegen, men at det ikkje er næringslivet si oppgåve åleine. De skriv at Vestland fylkeskommune no har moglegheit til å få gjennomført tiltak som betrar trafikktryggleiken, samtidig som næringslivet og bygda kan utvikle seg.

De ber om at Vestland fylkeskommune som vegeigar, saman med Statens vegvesen som stilte kravet skal sjå nærare på saka og gå i dialog med utbyggjar for å kome til ei minneleg løysing.

Vår vurdering

I planprosessen har det vore lang dialog mellom Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Osterøy kommune og plankonsulent kring rekkefølgekrav i planen. Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg har i uttale til 3.gangs høyring datert 07.10.2022 uttrykt at vi er semde med Statens vegvesen si vurdering av rekkefølgekravet, og at rekkefølgekrav knytt til igangsetjingsløyve er nødvendig. Vi opna likevel for å diskutere moglegheit for trinnvis utbygging.

Vestland fylkeskommune meiner at det er gjort ei grundig vurdering av rekkefølgekravet. Det er i uttala vist til regionale utviklingsplanar i Vestland. [Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024](#) seier at

«Trafikktryggleik og nullvisjonen skal ligge til grunn i samferdselsplanlegginga. Dette er ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller hardt skadde i trafikken i Vestland».

I uttala vart det vidare vist til punkt 7.1 i [regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017-2028](#).

«Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkjefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport».

Vi vurderer at rekkjefølgjekravet er i tråd med dei regionale føringane for næringsutvikling i Vestland. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg har vore i dialog med Statens vegvesen om rekkjefølgjekravet 10.11.2023. Vi har ei felles forståing for at dette er ei sak som er viktig for Fotlandsvåg Grendaråd. Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen er og samde i at trafikktryggleiken på fylkesvegen må takast i vare, og at utbyggar har eit samfunnsansvar i tråd med dei regionale planane.

Vestland fylkeskommune har ikkje satt av midlar til å byggje ut veg og sykkelveg i tråd med rekkjefølgjekravet i planen Holmane næring - Fotlandsvåg i Regional transportplan for Vestland 2022-2033.

Rekkjefølgjekravet er vedtatt i plan. Vi vurderer at Vestland fylkeskommune ikkje kan gå i dialog med utbyggar om ei løysing, slik de ber om. Det er tiltakshavar i samarbeid med Osterøy kommune som planmynde som må ta stilling til realisering av det aktuelle næringsområdet. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg er open for dialog med Osterøy kommune for å sjå på moglege løysingar.

Avdeling for infrastruktur for veg si rolle er mellom anna å ivareta framkome og trafikktryggleik på fylkesvegnettet. Dersom Osterøy kommune ønskjer dialog kring rekkjefølgjekravet bes dei om å ta kontakt med Vestland fylkeskommune. Ved eit eventuelt møte foreslår vi at Statens vegvesen som fremma motsegna vert orientert.

Med helsing

Mats Korneliussen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Caroline Nordøy Håvik
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293

LONEVÅG